

Bygland Bryggeri AS kjem med øl:

”Sveikadden” blir lansert på Brygga

Bygland Bryggeri AS sitt øl ”Sveikadden” får sin lanseringsfest her i Setesdal på Bjoren Brygge pub i Bygland førstkommende laurdag.

Av Ole Birger Lien



”Sveikadden” har vore i sal i eit par veker, og får no altså Setesdals-premiere”.

-Me har fått gode tilbakemeldingar, mellom andre frå Lars Marius Garshol som har skrive boka ”Gardsøl”, seier øl-gründer Torkjel Austad.

Han gler seg over at i ein butikk i Brennåsen utanfor Kristiansand er ”Sveikadden” bestseljar!

-Lanseringskvelden blir det foredrag og quiz eg tar meg av, og så kjem Jamie Lodberg og Sigrid Kjetildsdotter Jore for å krydre kvelden musikalsk. Dei har eit eige program, og så spelar Jamie litt dann og vann utetter kvelden, seier Torkjel Austad.

Spelemann Jamie Lodberg er klar for øl-lansering i Bygland laurdag. Med seg har han kvedar Sigrid Kjetildsdotter Jore.



Bryggar Torkjel Austad kjem med bilen full av ølet ”Sveikadden” til lanseringsfest på Bjoren Brygge pub i Bygland førstkommende laurdag.

Som del

av lanseringsfesten i Bygland skal Torkjel Austad gje deltakarane noko å bryne seg på med ein quiz. Om ”Sveikadden” skjerpar eller sløver ned dei små grå vil tida vise!